

Gjedrem for sjette gong

Valdalingen Hans Martin Gjødrem krona sin 15. start i Geiranger med nok ein siger i Nibbeløpet21. Hallvar Barlaup, Fannefjord SK, var raskaste syklist.

GEIRANGER. Kampen om løpssigeren stod mellom to mann. Romsdalingen André Hammerø Løseth, som representerer Kristiansand IF, hadde ein kort periode ei lita luke på Gjødrem. Men denne vart tetta, og i siste del av løpet var som vanleg valldalingen svært sterk. Tida 1.36.27 var langt bak hans eigen rekord (1.28.57), men det heldt i rikt monn mot Løseth sine 1.37.31.

– Det kjendes så lett lenge, men siste kilometeren vart det heilt stopp, sa romsdalingen som har 1.10 på halvmaraton i normalt lende og som debuterte i Geiranger.

– Dette var min konkurranse nummer 15 i løypa, 14 i løp og ein på sykkel. Etter berre ei hardøkt med springing må eg vere nøgd med dette. Tida er om lag den same som i fjor. Kjenner eg har problem med steget i flatt terreng, kommenterte vinnaren etter sin sjette triumf.

Beste kvinne vart Line Lystad, Vågå IL, med 1.56.24, som vinnar av klasse 40-44 år.

Store sykkelklasser. Tyngda av dei vel 700 aktive i Geiranger 1.pinsedag deltok på sykkel. Og her bør arrangøren snarast kutte ut eliteklassa og samle alle under same fane. To deltakarar i kvinner juniorelite, tre deltakarar i kvinner elite, fire i menn juniorelite og sju i menn elite, viser at denne ordninga har utspelt rolla si. Til samanlikning var 159 påmelde i Nibberittet21 Menn 40-49 år. 116 kom i mål.

Og stakkars, arme speaker Arne Bjørgengen, som skal prøve halde orden i sakene i tåkeheimen på toppen av Dalsnibba. Vi har full forståing for at utøvarar som burde vore omtala glepp.

Sykelrekord. Hallvar Barlaup, Fannefjord SK, vart raskaste syk-



VANN IGJEN. Hans Martin Gjødrem frå Valdalen inn til sin sjette triumf i Nibbeløpet21 søndag.

FOTO: ATLE JOMAR HOLE



NIBBERITTET. Karl Erik Kravik hadde best tid av samtlige utanfor eliteklassa. Her vert han gratulert av klubbkamerat Per Steinar Linga.

klist totalt med 1.07.18. Han vann menn elite. Av dei store massene som sykla utan elitestatus var Karl Erik Kravik, Sykkylven SK, raskast med 1.12.38

– Eg sykla tidlegare for Åle-

sund CK, men melde meg inn i Sykkylven då eit nytt og forbeta opplegg var på trappene. Dette har eg ikkje sett mykje til, men det gjekk bra i dag, i mitt tredje ritt i Geiranger. Faktisk har det

gått betre for kvart år.

Borghild Løvset, Orkla CK, fekk beste sykkeltid uansett klasse av kvinnene med 1.15.16, som vinnar av eliteklassa. Dette var einaste løyperekorden.

Hurra for Ragnar! Men dei store massene var ikkje i Geiranger for å vinne over andre enn seg sjølve denne sundagen. 82 år gamle Karstein Sørland starta to timar før dei øvrige løparane og nådde toppen frisk og opplagt på 4.13.27. Også Ragnar Seljeset som var omtala i laurdagsavisa nådde målet sitt. Han sprang ned mot to timar før han vart sjuk, i helga gjekk han for fyrste gong under 4 timar etter sjukdomen (3.52.49). Eller Kjell Magnar

Det kjendes så lett lenge, men siste kilometeren vart det heilt stopp

ANDRÉ HAMMERØ LØSETH

Berli, 23-åring som for nokre år sidan vart redda av ein vellukka levertransplantasjon. Som 21-åring byrja han gå fjellturar og i helga sprang han til toppen av Dalsnibba på sensasjonelle 1.53.12.

ATLE JOMAR HOLE
sport@smp.no

Løyperekord i Blåfjelden rett opp

– Ditta va skikkeleg motbakkeløp, ropte Kristen Skjeldal på Vossamål etter å ha passert mål i Blåfjelden rett opp.

SYVDE. Blåfjelden rett opp vart arrangert for tredje gong laurdag, som eitt av arrangementa i kosterikjedagane i Syvde. Etter å ha gratulert Øyvind Sundby Heiberg frå IK Tjalve med suveren ny løyperekord på tida 37.56, sa Kristen Skjeldal at dette er akkurat den typen løype som han likar. Nesten 850 høgdemeter med jamn og bratt stigning som går over i ein innspurt i slakare terreng er kjempeflott for dei som likar skikkeleg slit.

Vinnaren Øyvind Sundby Heiberg frå IK Tjalve, var og veldig



TØFF 6-ÅRING. Christoffer Ervik Røys på seks og eit halvt år gjekk i år Blåfjelden rett opp for tredje gong. Pappa Kim Tony Røys har og vore med desse tre åra.

positiv til løypa og arrangørane i Syvde IL. – Litt vanskeleg å springe forbi konkurrentane oppover i løypa, sa han. – denne løypa har stort potensiale fordi

den ligg så flott i terrenget, la vinnaren til.

Anders Aukland vart hengande litt bak dei to i teten ut frå start, og klarte aldri å ta særleg innpå etter dette. Han var veldig imponert over løypa og farten til dei to som kom før han i mål.

Arve Rindal, Eid IL, som har vunne løpet to år på rad måtte denne gangen også sjå seg slått av Jann Olav Tjønneland frå Viksdalen IL.

Merete Helgheim frå Gloppen FIL vann for tredje år på rad, og slo sin eigen rekord frå to år tilbake då ho sprang inn til tida 47.32. Dette er nesten halvanna minutt før den gamle rekorden frå 2009.

Løypa startar ved vidaregåande skule i Syvde sentrum og går først på asfalt vel 1 km før



IMPONERT. – Dette var skikkeleg motebakkeløp, ropte Kristen Skjeldal. Han var imponert var over innsatsen til vinnaren Øyvind Sundby.

den går over i terrenget der første del er ein markert morenerygge med open bjørkeskog. Deretter er det 2 km med jamn og bratt stigning. Etter dette seige partiet er det 1,5 km lettare

terreng over egga og høgste punkt på 842 m for området flatar ut i eit platå med målgang på 810 meter over havet.

JOHN WILLY KLUNGRE
sport@smp.no